



Uskedal Musikklag møter fram med vakker korpsmusikk til medlemene på runde dagar.

Uskedal Musikklag held fram med å heidra medlemmer som har runde dagar med korpsmusikk. I går var det Ståle Eik som fekk oppleve musikklaget på tunet med minikonsert. Den yngste medlemen i korpset, Thor Inge Døssland, skriv slik på Uskedalen.no:

Vi starta med *Hurra for deg* før det vart sagt fram helsing frå musikklaget. I helsinga vart den mangeårige innsatsen til jubilaranten i laget lagt vekt på. Det vart sjølvstøtt poengtert at 75 åringen kvart år er ein av dei som står for pyntinga av julegrana der han trass sin høge alder er ein av dei som klatrar heilt til topps.

Musikalsk leiar, Knut Steinsletten, overrekte ei fin blomesamanplanting frå korpset. Deretter fortsette korpset med lett og vårleg musikk i marsj - og valsetakt før det vart avslutta med utdrag av *Jubilantmarch* av Per Olav Paulsen

Så bar det inn i ei festpynta kjellarstove på snittar, kake og kaffi.

Tekst: Thor Inge Døssland/Kristian Bringedal

Foto: Liv Eik

Nett: Kristian Bringedal